



Kåre Lilleholt og Jens Kihl

**Rapport om kommunereforma
– frå Askvoll til Åseral**

INNHALD

Innleiing 5

Kva er kommunereforma? 7

Språkspørsmål i reforma 8

Framdrift 9

Reformstøtte 10

Det regionale nivået 10

Førre kommunereform 11

Konsekvensar av kommunereforma for nynorsken 11

Kor vil dei viktigaste samanslåingane kome? 14

Oppsummering 21

Kommunesamanslåing og språk

– dei formelle rammene 23

Oversyn 23

Vedtak etter mållova om målform:

Vedtaka og verknaden av dei 23

Kommunesamanslåing og målvedtak 24

Opplæringsmålet i grunnskulen 25

Språkbruken i kommunen 25

Kyrkjemålet 25

Vidare konsekvensar 27

Direkte konsekvensar:

Offentlege einingar 27

Bibliotek 28

Kommunane som språklege fagmiljø 28

Indirekte konsekvensar:

Skulesentralisering 28

Anna sentralisering 29

Norskopplæring for vaksne innvandrarar 29

Lite tilsyn 29

Lokalaviser 30

Nynorske framvegar 31

Språkbrukspanar 31

Den finske og den samiske løysinga 32

Mogleg revisjon av mållova 32

Nye tilsynsoppgåver 33

Skulestoda 33

Strengare krav til staten 33

Den tospråklege kommunen 34

Oppsummering 35

Tabell: Historisk oversyn 36

Fylkesvis oversyn 37

Innleiing

Det er i kommunane folk bur. At nynorsk mange stader i landet er fleirtals-
språk – det vanlege – har utvilsamt vore viktig for at språket står så støtt som
det gjer i dag. At 114 kommunar, tre fylkeskommunar og ei lang rekkje andre
offentlege institusjonar fyrst og fremst nyttar nynorsk, er viktig for både sta-
tus og utbreiing. Dette er særleg viktig fordi nynorsk er fleirtalsspråk lokalt,
men mindretalsspråk nasjonalt: Det institusjonelle fotfestet er eitt av fleire
bein nynorsken i dag står på. Den norske staten har gjennom nær 150 år
sett verdien av dette, og har på ulikt vis slått fast at både nynorsk og bokmål
skal vere sikra plass i den offentlege forvaltninga. Denne tradisjonen er det
all grunn til å halde fram med, og i denne rapporten ser vi nærare på korleis
denne delen av norsk språkpolitikk vil stå seg i møte med kommunereforma.
Som det står i Stortingsmeldinga «Mål og meining»: «Den språkdelte norske
felleskulturen er forankra i eit direkte demokrati der den språkdelte situa-
sjonen er knytt til formelle språklege val.»¹

Denne rapporten er skriven for Noregs Mållag, og skal ta for seg kva
konsekvensar regjeringas kommunereform vil ha for nynorsken, i tillegg til
ein gjennomgang av korleis det gjekk etter førre store kommunereform på
sektistalet. Jusprofessor Kåre Lilleholt ved Universitetet i Oslo har skrive
bolken om formelle og juridiske spørsmål knytt til kommunereforma,
medan Jens Kihl har skrive resten. I tillegg har ei lang rekkje mållag og fyl-
kesmållag gjeve verdfulle bidrag til oversynet over moglege framtidige sa-
manslåingar, og Kjetil Aasen ved Språkrådet, Vidar Høviskeland i Landssa-
manslutninga av nynorskkommunar og historikar Yngve Flo ved UNI
Research Rokkansenteret har alle bidrege med si tid og gode innspel. Takk
til dei. Takk også til Oddmund Hoel for nyttige kommentarar i innspur-
ten. Alle feil og manglar ved rapporten står naturlegvis for forfattarane si
rekning.

¹ <http://www.regjeringen.no/nn/dep/kud/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/2007-2008/stmeld-nr-35-2007-2008-5/3/2.html?id=520012>

Kva er kommunereforma?

Reforma blei slått fast i samarbeidserklæringa mellom Høgre, Frp, Venstre og KrF hausten 2013, og seinare i regjeringsplattforma for regjeringa utgått av Høgre og Frp. I regjeringsplattforma slår ein fast at «Regjeringa vil styrke lokaldemokratiet og gjennomføre en kommunereform. Større og mer robuste kommuner kan få større oppgaver og ta mer ansvar enn dagens kommuner»². Solberg-regjeringa legg vekt på at målet ikkje berre er å slå saman kommunar, men overføre nye oppgåver til det lokale nivået: «Regjeringa vil foreta en gjennomgang av oppgavene til fylkeskommunene, fylkesmennene og staten med sikte på å gi mer makt og myndighet til mer robuste kommuner».

Ap har vore positive til ei kommunereform, men signaliserte våren 2014 at dei er skeptiske til at regjeringa opnar for tvangssamanslåingar. Både SV og Senterpartiet har i utgangspunktet vore kritiske til reforma, av same grunn. Sjølv om KrF og Venstre er positive til reforma, har fleire vore skeptiske til at inndelinga skal kome før oppgåvefordelinga³.

Regjeringa peikar på at det er eit sjølvstendig poeng å motverke framveksten av dei interkommunale selskapa, såkalla IKS-ar, slik at fleire tenester kjem under direkte folkevald kontroll. Dei ønskjer òg å prøve ut ordningar der ulike statlege og fylkeskommunale oppgåver blir lagde til det kommunale nivået. Eit sterkare lokaldemokrati er eit uttalt mål for stortingsfleirtalet.

Før sommaren la regjeringa fram kommuneproposisjonen 2015, der ein strekar opp bakgrunn og planar for reformarbeidet⁴. Ein av bakgrunnane for at stortingsfleirtalet ønskjer ein ny kommunestruktur, er den relativt store sentraliseringa landet vårt har vore gjennom dei siste tiåra. Sjølv om dei fleste kommunane har hatt folketalsvekst dei seinare åra, er det liten tvil om at dei verkeleg store endringane har skjedd i og rundt dei store byane. Det ser vi òg på utviklinga for nynorsken: Sjølv om talet på nynorskbrukarar ser ut til å vere relativt stabilt, endrar prosentfordelinga seg fordi veksten i store bokmålskommunar er heilt dominerande i Noreg i dag⁵.

² <http://www.regjeringen.no/pages/38500565/plattform.pdf>

³ Sjå mellom anna kronikken «Kva oppgåver skal vi løyse, Sanner?» av Eid-ordførar Alfred Bjørlo (Venstre): http://www.nrk.no/ytring/kva-opp-gaver-skal-vi-loyse_-sanner_-1.11927207

⁴ http://www.regjeringen.no/pages/38649362/Meldingsdel_kommunereform_og_vedlegg.pdf

⁵ <http://www.regjeringen.no/nn/dep/kud/dokument/proposisjonar-og-meldingar/>

Språkspørsmål i reforma

Før sommaren blei kommuneproposisjonen for 2015 handsama i Stortinget, der reforma er mellom dei store spørsmåla. Proposisjonen nemner ikkje nynorsk, men tek opp spørsmålet om korleis det samiske forvaltningsområdet vil sjå ut i framtida. I dag blir kommunar som sjølv ønskjer det, innlemma i forvaltningsområdet gjennom endring av forskrifta om dette. Regjeringa ser at endringar i kommunestrukturen vil kunne gje store konsekvensar for dei språklege og kulturelle rettane til samar i Noreg, og at dette er rettar dei har både i norsk lovverk, i den europeiske minoritetsspråkspakta og gjennom rammekonvensjonen om nasjonale minoritetar. Regjeringa skriv at ho er «opptatt av å ta vare på samisk språk, og vil vektlegge at samiske språkbrukere ikkje kommer dårlegere ut som følge av endringer i kommuneinndelingene»⁶. Det er førebels ikkje skissert korleis dette skal løysast i praksis.

Under tittelen «Andre lokale og regionale hensyn» skriv regjeringa at «det er kommunene selv som avgjør hvilken målform som skal brukes i kommunen. Departementet legger til grunn at kommunene selv finner gode løsninger på språkutfordringene når de gjennomfører de lokale prosessene»⁷.

I innstillinga frå Kommunal- og forvaltingskomiteen ligg det eigne merknader om språkspørsmål. Under tittelen «Samisk språk og nynorsk» tek komiteen opp fleire spørsmål knytt til dette:

Komiteen merker seg at regjeringa er opptatt av samisk språk og vil vektlegge at samiske språkbrukarar ikkje skal koma dårlegare ut som følge av endringar i kommuneinndelinga. Komiteen ber også om at forholdet til nynorsk som målform får same fokus slik at nynorsk som målform ikkje vert skadelidande som resultat av reforma.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti er opptatt av å ta vare på samisk språk og vil vektlegge at samiske språkbrukere ikkje skal komme dårlegere ut som følge av eventuelle kommunesammenslåinger. Disse medlemmer ber regjeringa konsultere Sametinget om dette.

Disse medlemmer mener nynorsk som målform ikkje må svekkes ved endringer i kommunestrukturen og mener regjeringa må ha en strategi for å sikre dette.⁸

Heller ikkje andre kulturelle spørsmål er vurderte. Som kommuneforskar Yngve Flo skriv, er kommunane meir enn reint administrative einingar. «Kommunegrensar er framleis noko meir enn administrative grensar. Dei

stortingsmeldingar/2007-2008/stmeld-nr-35-2007-2008-/9/1/3.html?id=520157

⁶ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2013-2014/inns-201314-300/?lvi=0#a4.1.7.6>

⁷ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2013-2014/inns-201314-300/4/#a1.7.7>

⁸ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2013-2014/inns-201314-300/?lvi=0#a4.2.7>

kan òg vere rammer kring eit fellesskap med djup historisk forankring, og samfunn med ei sterk indre samkjensle.»⁹ Spørsmål som dialektgrensar, ulik historie, forskjellige næringsveggar eller motsetnader mellom by og land er mange stader viktige. Denne innsikta ser ikkje ut til å vere vektlagt i forarbeidet til kommunereforma.

Hausten 2014 opna Kommunal- og moderniseringsdepartementet nettstaden nykommune.no, der samanslåingskandidatar kan sjå korleis ein ny kommune vil sjå ut med tanke på folketalsutvikling, sysselsetjing, økonomi og ei rekkje andre spørsmål. Denne nettstaden opplyser ikkje om kva språkval dei ulike kommunane har gjort, så heller ikkje her bidreg regjeringa til at språkspørsmålet skal bli ein del av den lokale debatten.

Framdrift

I samarbeidserklæringa og regjeringsplattforma slår det borgarlege fleirtalet fast at «nødvendige vedtak fattes i perioden»¹⁰, altså før stortingsvalet 2017. Det er likevel uklart om dette er mogleg i praksis. På nettstaden www.kommunereform.no kan ein følgje prosessen og sjå korleis regjeringa ser føre seg arbeidet framover. Her er ei oppsummering av arbeidet¹¹:

2014

Fylkesmennene set i verk prosessar lokalt med mål om å finne potensielle samanslåingskandidatar. Dette arbeidet skal vere avslutta seinast våren 2016. Alle fylka har fått midlar til eigne reformkonsulentar.

2015

Regjeringa legg fram ei melding om kva oppgåver kommunane skal få våren 2015.

2016-2017

Kommunar som lokalt vedtek samanslåing i 2015, vil bli nasjonalt vedtekne våren 2016. Desse samanslåingane vil tre i kraft frå 2018. Våren 2016 er altså siste frist for å gjere lokale vedtak. Det nye kommunekartet blir lagt fram for Stortinget våren 2017 til endeleg vedtak. Her kan det òg bli gjort vedtak som «fraviker fra lokale hensyn»¹², altså der ein går på tvers av den lokale veto-retten som har eksistert i samanslåingsspørsmål sidan 1995.

2019

Kommune- og fylkestingsval

2020

Proessen er fullført og alle kommunar er i drift etter den nye inndelinga.

⁹ http://www.regjeringen.no/upload/kilde/krd/prm/2005/0137/ddd/pdfv/252815-kronik-ksamling_synspunkter_4.pdf

¹⁰ <http://www.regjeringen.no/pages/38500565/plattform.pdf>

¹¹ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/kampanjer/kommunereform/prosess.html?id=751050>

¹² http://www.regjeringen.no/pages/38649362/Oversikt_tiltak_kommunereformen.pdf

Reformstøtte

Ein viktig grunn for kommunane til å slå seg saman er regjeringas reformstøtte. Opphavleg var denne planlagt berre å gå til kommunar som til saman fekk over 10.000 innbyggjarar, men i august kom kontrameldinga om at òg mindre kommunar ville kunne få denne støtta¹³. Dette er ei endring som etter alle solemerke vil kunne få store konsekvensar for nynorsken. Støtteordninga er no delt i to¹⁴: Éingongsstøtta er på opp til 65 millionar kroner (dersom minst fem kommunar slår seg saman og får minst 100.000 innbyggjarar). Reformstøtta skulle opphavleg slå inn ved minst 10.000 innbyggjarar (fem millionar i året), men får no eit ekstra trinn slik at alle samanslåingar vil få økonomisk støtte etter éingongstildelinga.

Det regionale nivået

Dei fleste partia på Stortinget ønskjer å endre dagens regionale nivå. Både Høgre og Frp ønskjer å fjerne dette nivået, men dette synet har ikkje fleirtal på Stortinget. Regjeringa har derfor lyst ut eit prosjekt som skal sjå på kva oppgåver det regionale folkevalde nivået skal ha i framtida, og korleis det bør vere delt inn. Sluttrapporten skal etter planen liggje føre 17. november¹⁵. Dette temaet, som heilt opplagt er viktig for nynorsken, er difor ikkje hand-sama nærare i denne rapporten.

¹³ <http://www.aftenbladet.no/nyheter/politikk/Sanner-lover-reformstotte-ogsa-til-mindre-kommuner-3484646.html>

¹⁴ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/kampanjer/kommunereform/rammebetingelser/Okonomiske-virkemidler.html?id=759292>

¹⁵ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/aktuelt/nyheterKMD/2014/Starter-arbeidet-med-a-utrede-regioner.html?id=765943>

Førre kommunereform

(SJÅ TABELL SIDE 36)

På sekstialet blei talet på norske kommunar redusert med om lag førti prosent, frå 744 i 1957 til 454 ti år seinare¹⁶. Schei-nemnda gjekk gjennom det norske kommunekartet og gjorde framlegg om fleire hundre kommunesamanslåingar, og desse blei for ein stor del vedtekne av Stortinget. Særleg høg var samanslåingstakta på fyrste halvdel av sekstialet. Premissane for det nye kommunekartet var både endra samferdselsmønster, slik at det ikkje lenger var føremålstenleg at ein kommune til dømes låg på bae sider av ein fjord, men i staden hang saman geografisk. Det andre hovudpoenget var at mange kommunar hadde eit særst lågt folketal, og Stortinget meinte desse ikkje var i stand til å ta på seg alle oppgåvene den nye velferdsstaten skulle romme. Reforma på sekstialet har i tiåra etterpå vore mykje debattert. Somme har sett på arbeidet til Schei-nemnda og Stortinget som sterkt sentralstyrt. I boka «Trøndelags historie» skriv Ola Svein Stugu om lokal motstand mot kommunesamanslåingar i Trøndelag. «Protestane var til lita hjelp. Scheikomiteen gjorde ein del mindre endringar i dei endelege innstillingane for trøndelagsfylka i 1960 og 1961, men prinsippa stod ved lag. Kort tid etter gjorde Stortinget dei fyrste samanslåingsvedtaka.»¹⁷ Andre har meint at noko av det viktigaste Schei-nemnda gjorde, var å provosere fram lokal debatt. I Rogaland blei til dømes ingen av kommunane endeleg vedtekne slik nemnda hadde gjort framlegg om.

Konsekvensar av kommunereforma for nynorsken

Ved fyrste augekast ser ein at mange av dei kommunane som hadde valt nynorsk i 1955, ikkje lenger hadde det i 1972. Talet gjekk frå 290 til 98 i 1972. Mykje tyder på at nynorsken fyrst og fremst forsvann der han allereie stod svakt i lokalsamfunnet. Gjennom reforma mista nynorsken administrativt fotfeste fyrst og fremst i Trøndelag, Nordland og på Agder, i tillegg til enkeltområde nær dei store byane på Vestlandet og i randsona på Austlandet. Ut frå det vi elles veit om språkhistoria i desse områda, fanst det i mindre grad folkeleg oppslutning om målprosjektet, og ein sakna lokalaviser og andre verkty som kunne stø opp om nynorsken.

¹⁶ www.kommunereform.no

¹⁷ Trøndelags historie, band 3, kapittelet «Kommunar, fylke, region»

Av dei 290 nynorskkommunane som eksisterte i 1955, blei 243 slått saman med andre kommunar. Av desse låg 101 av 1955-kommunane i ein ny nynorskkommune i 1972, medan 142 ikkje gjorde det. 38 nynorskkommunar blei ikkje slått saman med andre, og heldt på nynorsken, medan ni kommunar blei ståande aleine, men gjekk likevel bort frå nynorsken mellom 1955 og 1972.

Dette kan visast i ein tabell, slik:

	Samanslått	Ikkje-samanslått
Nynorsk	101	38
Ikkje-nynorsk	142	9

Her er det store regionale skilnader. Av 46 samanslåingskommunar i Hordaland heldt 42 på nynorsken inn i den nye kommunen. Til samanlikning gjorde berre 13 av 48 det same i Møre og Romsdal, men her auka talet på kommunar med nynorskvedtak kraftig i åra etterpå.

Om ein vidare ser på dei områda som i etterkrigstida var eit nynorsk grenseland, får ein eit anna bilete. Ved å halde Sogn og Fjordane og Hordaland utanfor, kan vi sjå på dei 201 kommunane der nynorsken var under sterkare press. (Dette utvalet kan sjølvsagt gjerast meir finmaska, men eit grovt utval på fylkesnivå kan likevel peike på viktige tal). Eit slikt utval gjev desse tala:

Noreg	Samanslått	Ikkje-samanslått
Nynorsk	27	30
Ikkje-nynorsk	135	9

Her ser vi at 81 prosent av nynorskkommunane blei slått saman. Av dei 169 kommunane som gjekk gjennom ei reform, høyrte 135, eller 83 prosent, til ein ny kommune der det ikkje var fatta nynorskvedtak i 1972. Det kan med andre ord sjå ut til at nynorsken tapte stort på reforma på sekstitalet.

Morten Søberg og resten av programnemnda i Noregs Mållag slo i 2008 fast at nynorsken har større sjanse til å vinne skulemålsrøystingar dersom den folkelege forankringa er til stades¹⁸. Denne påstanden ser med andre ord ut til å halde vatn òg når det gjeld nynorsk i møte med kommunereform.

Eit døme frå Vest-Agder: Songdalen kommune oppstod ved at område frå tre tidlegare nynorskkommunar blei slått saman, men den nye kommunen blei språknøytral. I Trøndelag finn vi det same fenomenet: Nynorskkommunane Nærøy, Kolvereid og Foldereid slo seg saman med minikommunen Gravvik og blei til språknøytrale Nærøy. Ein kan altså ikkje seie at

reforma i seg sjølv var grunn til det store nynorsktapet i kommunesektoren i denne perioden i alle område, i alle fall ikkje med støtte i dette talmaterialet åleine. Det motsette fenomenet finn ein i kjerneområdet: Sjølv om Ålesund «slukte» fleire kommunar på sekstitalet, finst det framleis 694 nynorskelevar att i grunnskulen i Ålesund i dag.¹⁹ Dette kan tyde på at den folkelege forankringa nynorsken har i mange område av landet, til ein viss grad kan vege opp for det tapet det er at nynorsk ikkje lenger er det dominerande kommunespråket.

Ein nærare gjennomgang av den historiske utviklinga for kommunar med nynorsk tenestemål finn ein i Språkfakta 2010, gjeven ut av Nynorsk kultursentrum²⁰. I kapittel 10, om offentleg forvaltning, kan ein mellom anna sjå folketalsutviklinga for nynorskkommunane. I 1954 budde 22 prosent av alle nordmenn i ein nynorskkommune. I 1965 var andelen 8 prosent, for så å stige til 10 eit par år seinare. I nyare tid har prosentdelen vore stabil mellom 11 og 12. Dette dramatiske fallet kom likevel sannsynlegvis ikkje (fyrst og fremst) på grunn av kommunereforma, men på grunn av tapet av fotfeste ute i samfunnet. Skulemålsprosenten har same utvikling, om enn mindre bratt, og nynorsken mista grepet i dei same områda som nynorskkommunane forsvann.

Eit anna element er storleiken på kommunane. I 1955 var 39 prosent av alle kommunar registrert med nynorsk tenestemål. I 1972 var andelen nesten halvert: 22 prosent ville no ha kommunikasjonen med staten på nynorsk (i dag er andelen 27 prosent). Men mange stader er nynorskkommunane i dag større og sterkare. Dette skuldast mange faktorar, som til dømes medviten distriktspolitikk i Noreg. I 1955 fanst det ingen nynorskkommunar med bystatus. I dag finst det mange. Det finst høgskular og kompetansarbeidsplassar i nynorskområde i ein heilt annan grad enn tidlegare, og mange nynorskkommunar opplever vekst i folketallet. Dette er viktige fakta å ta med seg inn i debatten om framtidens kommunestruktur: Det er ikkje slik at nynorskkommunane samla sett er truga av fråflytting eller akutt kompetansetap.

¹⁹ Grunnskulens informasjonssystem

²⁰ http://www.aasentunet.no/filestore/lvar_Aasen-tunet/Sprk/Sprkfakta_pdf/Sprkfakta2010kap10.pdf, dei fleste tala i dette avsnittet er henta derfrå

¹⁸ <http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10198,10222,10225&id=2565>

Kor vil dei viktigaste samanslåingane kome?

I det følgjande kjem eit oversyn over korleis samanslåingane for nynorsk-kommunane *kan* sjå ut, hovudsakleg bygd på innspel frå lokale mållag og fylkesmållag, det offentlege ordskiftet og tidlegare samanslåingsdebattar lokalt. Ettersom ordskiftet om samanslåingar går nett no, er det viktig å påpeike at dette knappast kan lesast som ein fasit for kva samanslåingar som er mest aktuelle, og heller ikkje som eit fullt ut dekkjande oversyn over alle framlegg som har vore lufta. Vonleg kan lista likevel gje eit bilete av kor samanslåingane vil gje utfordringar for nynorsken – og kor nynorsken kan ha noko å tene på samanslåing. I oversynet er opplysningar om skulemål henta frå Grunnskuleinformasjonssystem. Alle tal er for skuleåret 2013/14 om ikkje anna er oppført. Opplysningar om folketal er henta frå SSB-oversynet over folkemengd per kommune, og gjeld per 1. januar 2013²¹. Opplysningar om kva kommunar som er nynorskkommunar, er som tidlegare henta frå Forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar, seinast oppdatert 24. september 2013²².

Nord-Noreg og Trøndelag

I desse områda finst det i dag ingen nynorskkommunar. Kommunereforma kan likevel ha andre viktige effektar som Noregs Mållag bør vere merksam på, fyrst og fremst når det gjeld vilkåra for dei samiske språka og for kvensk. Regjeringa har ikkje forklart korleis forvaltningsområdet for samisk språk skal sjå ut på den andre sida av reforma, og spørsmål om kvensk og andre nasjonale minoritetsspråk er ikkje nemnt av regjering eller storting så langt i prosessen.

I tillegg kan ein tenkje seg andre lokale forhold som vil bli påverka av ei kommunereform. I Målselv er det nynorsk parallellklasse, i Trondheim har det tidvis vore det same. Mange kyrkjjesokn i Trøndelag har nynorsk liturgi, og det finst også andre koplingar mellom nynorsken og kommunane (til dømes nyttar Fosnes kommune berre nynorsk når dei skriv om Olav Duun på heimesidene sine). Denne nynorske tradisjonen er mange stader nært knytt til det lokale styret, og nyt fleire stader godt av at lokalpolitikarar og

²¹ <http://www.ssb.no/a/aarbok/tab/tab-057.html>

²² <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-04-01-378>

lokalsamfunnet elles er innforstått med både tradisjon og argumentasjon for nynorsk lokalt. Lokale mållag bør ha ein strategi for å sjå til at desse banda ikkje brest i møte med nye, større einingar.

Møre og Romsdal

Møre og Romsdal har i dag 22 nynorskkommunar, 13 språknøytrale og 1 bokmålskommune. Litt over halvparten av elevane i grunnskulen har nynorsk opplæringsmål, og det finst nynorskelevar i grunnskulen i alle kommunar utanom seks. 31. mai sa professor Jørn Rattsø, som leier regjeringas produktivitetskommissjon, at Molde, Ålesund og Kristiansund bør bli éin kommune²³. Dette er sannsynlegvis politisk urealistisk, men er verdt å leggje merke til likevel. Éin bykommune på Nordvestlandet med 185.000 innbyggjarar ville endre balansen mellom nynorsk og bokmål i fylket fullstendig.

Den einaste nynorskkommunen på Nordmøre er i dag Surnadal, som med sine om lag 6000 innbyggjarar og negativ folketalsutvikling er ein klar samanslåingskandidat. Både Rindal, Halså og Sunndal er kandidatar til ein ny storkommune, og i alle desse finst det ein nynorsktradisjon, sjølv om nynorsken er på veg ut av skulen²⁴, og både Rindal og Halså har hatt skulemålsrøystingar dei seinare åra med bokmål som resultat. Sunndal har eigne språkpolitiske formuleringar i kulturplanen, og 31 % av elevane i grunnskulen har nynorsk opplæringsmål. Surnadal prøvde for nokre år sidan å slå seg saman med Halså, men dette forsøket stranda på grunn av lokal motvilje i Halså. Ei samanslåing her vil truleg gjere at den siste nynorskkommunen på Nordmøre forsvinn.

Fleire aktørar, som Høgre²⁵ og Romsdal Næringsråd²⁶, peikar i retning av éin storkommune for Romsdal, med eit samla innbyggjartal på oppunder 65.000. I så fall kan nynorskkommunane Aukra, Midsund, Nesset og Vestnes bli slått saman med dei nøytrale kommunane Fræna, Rauma, Gjemnes og Molde og bokmålskommunen Eide, med Molde som det dominerande sentrumet. Også fleire av dei språknøytrale kommunane er heimsplass for mange nynorskbrukarar. I Rauma har fire av seks skulekrinsar nynorsk (og det er nynorskklassar i ein femte)²⁷, Fræna hadde nynorsk som administrasjonsmål fram til i fjor²⁸ og 48 % av elevane har nynorsk hovudmål, og i Gjemnes har fleirtalet av elevar inntil nyleg hatt nynorsk som hovudmål²⁹. Desse innbyggjarane vil truleg oppleve eit større bokmålspress, og ei lang rekkje offentlege arbeidsplassar med nynorsk tenestemål vil truleg bli flytta til Molde og ikkje lenger ha krav på seg om nynorskbruk.

På Sunnmøre er alle kommunane nynorskkommunar med unntak av språknøytrale Ålesund, som i praksis er ein bokmålskommune. Dei språk-

²³ <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/professor-utfordrer-norske-byer/a/10131523/>

²⁴ <http://www.nrk.no/mr/stadig-faerre-elevar-brukar-nynorsk-1.10867381>

²⁵ <http://www.rbnnett.no/nyheter/article7921001.ece>

²⁶ <http://www.romsdalregionrad.no/behandling-av-forprosjektrapporten-i-kommunestyre>

²⁷ <http://www.andalsnes-avis.no/nyheter/article7187459.ece>

²⁸ <http://www.rbnnett.no/nyheter/article7499731.ece>

²⁹ <http://www.allkunne.no/default.aspx?menu=23&id=1449>

politiske utfordringane i regionen vil med andre ord kome rundt Ålesund. Det er verdt å leggje merke til at 13 % av grunnskuleelevane i Ålesund har nynorsk hovudmål, og det er ikkje gjeve at ei samanslåing vil føre til at nynorsken forsvinn i skulen. Dei mest aktuelle samanslåingskandidatane er Sula, Giske, Haram, Skodje og Ørskog. Ålesund har i dag om lag 45.000 innbyggjarar, medan dei fem andre til saman har i underkant av 31.500 innbyggjarar.

Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane har alle kommunane nynorsk administrasjonsmål, og nynorskprosenten i grunnskulen ligg på 97 prosent. Det er derfor lite sannsynleg at kommunereforma vil påverke dei språklege tilhøva i Sogn og Fjordane. Det er heller ikkje særleg sannsynleg at mange kommunar vil endre fylkestilhøyrsløse, dette må i så fall handsamast av regjeringa (dersom éin kommune vil byte fylke) eller Stortinget (dersom to eller fleire vil byte)³⁰. Likevel er det verdt å merke seg at både Selje, Vik, Gulen og Aurland har vore i diskusjonar med kommunar utanfor fylket om samanslåing.

Hordaland

I Hordaland er Bergen, Odda og Askøy språknøytrale kommunar, medan resten av kommunane har gjort vedtak om nynorsk. Oppunder 40 prosent av elevane i grunnskulen har nynorsk hovudmål. Av desse er Bergen og Askøy å rekne som bokmålskommunar med enkelte nynorskinnslag, medan Odda er ein språkblanda kommune der to av tre i grunnskulen nyttar nynorsk (og talet er aukande). Eit viktig argument for kommunereforma har nettopp vore at storbykommunane treng plass til å vekse og at det er naudsynt å sjå områda rundt desse byane i heilskap. Det er difor venta at Bergen kan bli slått saman med nokre av nabokommunane sjølv om byen er meir enn stor nok til å innfri storleikskrava frå Stortinget.

Likevel er det fleire moment som taler mot samanslåingar for både Bergen og Askøy: Før Monica Mæland blei næringsminister i Høgre-Frp-regjeringa, var ho byrådsleiar i Bergen. 22. september i fjor uttalte ho til Bergens Tidende at ho ikkje meinte samanslåing var rett for vestlandsbyen: «Bergen er stor nok. Vi er nær 270.000 innbyggere, mens vår største nabo er Askøy med vel 27.000. Målet må være at kommunene rundt oss blir større og sterkere. Det ville gagne alle, ellers blir forskjellene så enorme. Men vi vil ikke avise at det kan gjøres justeringer på Bergen kommunes grenser», sa Mæland ifølgje Dagbladet³¹. Heller ikkje Askøy-ordføraren var vidare interessert: « Askøy klarer seg meget godt alene, så vi har ikke vurdert å slå oss sammen med noen », sa Askøy-ordfører Siv Høgtun i same sak.

Det kan sjå ut til at kommunane rundt Bergen i hovudsak ser i andre retningar enn inn til storbyen. Åtte av dei ni medlemene i Regionrådet for

³⁰ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2013-2014/inns-201314-300/4/#a1.7>

³¹ <http://www.dagbladet.no/2013/09/22/nyheter/politikk/kommunesammenslaing/29396635/>

Nordhordland legg no til rette for samanslåing, og slik kan Austrheim, Fedje, Gulen (i Sogn og Fjordane), Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy bli éin dominerande kommune nord for Bergen, med om lag 35.000 innbyggjarar. Dette kan sikre i nynorsken i eit område som i dag er under press. Osterøy har så langt sagt nei til å bli med på grunn av dårleg samband til dei andre. Både dei og Vaksdal er aktuelle kandidatar for samanslåing med Bergen³², noko som ville gje eit sterkare press mot nynorsken. Sjølv har dei lansert å slå seg saman med kvarandre og bergensbydelen Arna, der nynorsken til ein viss grad framleis held stand. Dette framlegget er så langt avvist av Bergen, men kan likevel vise seg å vere mellom dei mest aktuelle.

Vestover er Sund, Fjell, Askøy og Øygarden alle medlemmer av Regionrådet Vest. Ettersom det kan sjå ut til at Askøy ønskjer å stå aleine, kan resultatet bli at dei tre nynorskkommunane Sund, Fjell og Øygarden finn saman. Ein slik kommune ville fått 52 prosent nynorskelevar i grunnskulen – 2478 av 4766.

I Hardanger er det skissert ulike modellar med og utan Voss, og på Voss er det snakk om samtalar både med Vaksdal og nordover mot Vik og Aurland³³. I Midthordland er Samnanger, Vaksdal, Fusa, Os og Tysnes aktuelle partnarar, og ei samanslåing her ville truleg styrkt nynorsken i desse bergensnære kommunane.

Dei åtte kommunane i Sunnhordland er alle nynorskkommunar. Fleire av desse samtalar no om samanslåing. Haugesund Høgre har uttalt at dei ønskjer å lage ein storkommune for heile Haugalandet og Sunnhordland med Haugesund som sentrum. Ein slik kommune ville fått 170.000 innbyggjarar og vere identisk med dagens politidistrikt, men det er uvisst kor realistisk dette er³⁴. Ein slik kommune ville gjeve nynorsken eit sterkare press frå bokmålet enn i dag.

Rogaland

I dag har Rogaland 12 nøytrale, 11 nynorsk- og 3 bokmålskommunar. Ifølgje mållova er fleirtalsforma dermed nynorsk. Det vil seie at staten vender seg til organ med Rogaland som tenestekrins på nynorsk, sjølv om fylkeskommunen sjølv har vedteke at det er språknøytralt. Ei kommunereform (der dagens fylkesstruktur held fram) vil ganske snøgt kunne gjere Rogaland språknøytralt òg for statens del, ettersom ein er temmeleg nær at fleirtalet av kommunar er språknøytrale allereie i dag. I Rogaland er det fleire pressområde for nynorsken, både rundt Haugesund, Stavanger og Egersund, men òg i stor grad ute i distrikta. Betra kommunikasjon har gjort at stadig større område i dag er å rekne som forstader til dei tre byområda. 24 prosent av elevane har i dag nynorsk opplæringsmål.

I Ryfylke er nynorsk det dominerande språket i skulen i alle kommunar utanom Strand, der fordelinga er om lag jamn mellom nynorsk og bokmål. Strand er språknøytral kommune, medan Sauda, Suldal, Hjelme-

³² Bergens Tidende, 27.10.13

³³ <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Sjekk-storkommunene-som-planlegges-3188895.html>

³⁴ <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Sjekk-storkommunene-som-planlegges-3188895.html>

land, Finnøy og Forsand er nynorskkommunar. For Suldal og Sauda er samanslåingar over fylkesgrensa mot Hordaland aktuelle, eventuelt ei samanslåing med kvarandre og Finnøy³⁵. Strand, Forsand og Hjelmeland er komne relativt langt med sine samanslåingsplanar³⁶, der bokmåselevane vil bli ein minoritet. Ein slik kommune vil kanskje kunne bremse opp for noko av det språkskiftet som vil kunne skje når Ryfast-tunnelen mellom Tau og Stavanger står klar. Alternativet for Strand har vore å sjå til Stavanger, og for Forsand å sjå til Gjesdal, noko som ville ha gjeve nynorsken klart dårlegare kår enn den løysinga som no ser ut til å vere mest aktuell.

På Haugalandet har kommunestyret i Haugesund vedteke å innleie samtalar med alle kommunar på Haugalandet. Fleire kommunar er kritiske til dette, mellom anna Kvitsøy³⁷ og Utsira, som er redde for kva konsekvensar det får for veglause øysamfunn å slå seg saman med andre. Ap på Karmøy vil ikkje slå seg saman med naboane³⁸ og heller ikkje Bokn ser ut til å ønske seg ein slik storkommune.³⁹ Det er derfor svært uklart kva som skjer i denne regionen. På Karmøy har om lag 20 prosent av elevane nynorsk i grunnskulen, og også i Tysvær er det mange nynorskelevar, sjølv om bokmålet er i majoritet. Småkommunane Kvitsøy og Utsira har berre bokmål, til liks med Haugesund, medan Bokn, Vindafjord, Etne og Sveio (dei to siste i Hordaland) er meir eller mindre reine nynorskkommunar.

Heller ikkje i Dalane er det særleg klart kva resultatet blir. Den einaste nynorskkommunen er i dag Bjerkreim, som er lite interessert i slå seg saman med Lund, Eigersund og Sokndal. Dei ser i staden til Gjesdal, Sirdal og Hå⁴⁰. Ein slik kommune ville fått om lag 70 prosent nynorskelevar i skulen. Sjølv om Bjerkreim er den einaste nynorskkommunen av desse, står nynorsken sterkt i alle kommunane utanom Gjesdal. Hå kan òg ende opp med å samarbeide med Time og Klepp på Jæren. Desse kommunane har allereie i dag eit tett samarbeid, og ei samanslåing ville ha styrkt nynorsken. I eit slikt spleiselag kan òg Sandnes og Gjesdal bli med, men særleg Sandnes ser lite interessert ut: «Sandnes er en by på en grei størrelse. Vi er landets 7. største by og har ikke behov for å slå oss sammen med noen», sa ordførar Stanley Wirak til NRK før sommaren⁴¹. For dei tre attverande kommunane på Nord-Jæren, Stavanger, Sola og Randaberg, går det i retning av samanslåing. Desse kommunane har til saman eit par hundre nynorskelevar i dag.

Agder

I Aust-Agder er Bykle, Valle, Bygland og Åmli nynorskkommunar, og om

³⁵ <http://www.aftenbladet.no/nyheter/lokalt/ryfylke/Suldal-vil-ialfall-ikke-til-Haugesund-3499354.html>

³⁶ <http://www.aftenbladet.no/nyheter/lokalt/ryfylke/Slik-skal-tre-kommuner-bli-til-n-3487114.html>

³⁷ <http://www.aftenbladet.no/nyheter/lokalt/ryfylke/Morke-skyer-for-Kvitsoy-3503815.html>

³⁸ <http://www.h-avis.no/nyheter/fortsatt-mye-usikkert-1.8438079>

³⁹ <http://karmsundavis.no/2014/04/09/haugalandet-et-skrutt-naermere-en-kommunere-form/>

⁴⁰ <http://www.nrk.no/rogaland/vil-ikke-slas-sammen-med-eigersund-1.11908431>

⁴¹ <http://www.nrk.no/rogaland/kommunesammenslaing-i-rogaland-1.11717397>

lag fem prosent av grunnskuleelevane får opplæringa si på nynorsk. I Vest-Agder er Åseral og Hægebostad nynorskkommunar. I tillegg har Audnedal om lag 50 prosent nynorsk i grunnskulen, Kvinesdal har ti prosent og Sirdal har tilnærma hundre prosent, og den samla nynorskdelen i fylket er i dag nede på litt over tre prosent. For fleire av desse er samanslåing nedover mot kysten mest aktuelt, og då vil nynorsken kome i kraftig mindretal. Som tidlegare nemnt kan Sirdal velje å sjå vestover mot Rogaland i staden for å slå seg saman med Flekkefjord. Hægebostad, Åseral og Audnedal har saman søkt om midlar til å greie ut om ei samanslåing⁴². I denne kommunen vil nynorsk vere så vidt dominerande i skulen, men innbyggjartalet vil berre liggje på om lag 4500. Kvinesdal ser ut til å sjå i retning av Listerregionen, og sonderer no saman med Hægebostad, Audnedal, Sirdal, Lyngdal, Farsund, Flekkefjord og Lindesnes⁴³. Desse kommunane arrangerte felles formannskapsmøte 15. september.

Sirdal kan òg sjå austover: I august meldte Agderposten at Sirdal, Bykle, Valle, Bygland og Vinje har hatt sitt fyrste møte for å drøfte ein storkommune på fjellet⁴⁴. Skulle planane bli realitet, vil den nye kommunen bli på 8527 kvadratkilometer, som er på storleik med dagens Rogaland, og berre minimalt mindre enn Kautokeino, landets største kommune. Eit meir omstakka alternativ er at dei tre setesdalskommunane slår seg saman, eventuelt òg med språknøytrale Evje og Hornnes⁴⁵, der to av tre elevar har nynorsk som opplæringsmål. Den siste nynorskkommunen på Agder, Åmli, har innleidd samtalar med Nissedal i Telemark. Dette kan styrkje nynorsken i Åmli, der bokmålet har vunne fleire skulemålsrøystingar dei seinare åra, og det ikkje finst nynorskelevar att på dei fire yngste årstrinna⁴⁶. Dei to kommunane ville likevel ikkje få meir enn 3200 innbyggjarar, som er godt unna regjeringas mål om 15.000 innbyggjarar i kvar kommune. Eit anna alternativ kan vere at Åmli slår seg saman med Gjerstad, Vegårshei og Risør⁴⁷. I så fall vil nynorsken møte eit mykje sterkare press.

Telemark

Telemark har i dag åtte nynorskkommunar: Bø, Hjartdal, Seljord, Kviteseid, Fyresdal, Nissedal, Tokke og Vinje, og ti prosent av elevane i grunnskulen har nynorsk som hovudmål. Av desse er særleg Bø kommune under språkleg press, der har 64 prosent av grunnskuleelevane opplæring på bokmål. I tillegg har om lag ti prosent av elevane i Drangedal og Sauherad nynorsk hovudmål, og det finst ein nynorsk tradisjon i kommunar som Nome, Tinn og Notodden. Fordi fylket har åtte nynorskkommunar og ti språknøytrale kommunar er fylket i regelen språknøytralt, men fylkestinget har likevel gjort vedtak om at nynorsk er administrasjonsmålet. I tillegg gjer det høge

⁴² Kommunal Rapport, 6.03.2014

⁴³ Fædrelandsvennen, 12.05.2014

⁴⁴ Agderposten, 15.08.2014

⁴⁵ Fædrelandsvennen, 19.06.2014

⁴⁶ Årsmeldinga til Noregs Mållag, 2013-2014, side 51

⁴⁷ Agderposten, 24.05.2014

talet på nynorskkommunar sitt at Agder bispedøme er pålagde å nytte nynorsk administrativt.

Vest-Telemark kan bli både éin og fleire kommunar, og som nemnt tidlegare kan fleire av dei sjå til Agder. Vinje har bede Telemarksforsking greie ut samanslåingar med Tokke, Tokke og Tinn eller Tokke, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid og Seljord⁴⁸.

Dei to kommunane det er knytt mest spaning til for nynorskens del, er Bø og Hjartdal. Bø og Sauherad vurderer samanslåing, eventuelt med fleire kommunar i Midt-Telemark. I ein slik kommune vil nynorsken kome under endå sterkare press enn i dag. Hjartdal kan ende opp med å slå seg saman med Notodden, og kome under språkleg press, eller sjå vestover mot Seljord. I dei landkommunane som slo seg saman med Notodden under sist kommunereform, er nynorsken i dag borte.

Av kommunane rundt nynorskområdet har Tinn førebels takka nei til sonderingar om samanslåing med Notodden og andre kommunar i Midt-Telemark⁴⁹. Nome kan sjå både til Grenland, Midt-Telemark og eit samarbeid med kommunane rundt Lifjell, og greier no ut desse alternativa⁵⁰. Drangedal har vedteke å vere med på ei utgreiing om å bli med i ein storkommune i grenlandsområdet⁵¹, men eit meir realistisk alternativ kan vere samanslåing med Kragerø.

Buskerud

Buskerud har i dag tre nynorskkommunar, Gol, Hemsedal og Ål. I tillegg har Hol 12 prosent nynorsk i grunnskulen. I alle dei tre nynorskkommunane er det ein stor del bokmåselevar i skulen – 15 prosent i Ål, 60 prosent i Gol og 70 prosent i Hemsedal. Den samla nynorskprosenten i grunnskulen i fylket er på like under tre prosent.

Det mest sannsynlege er ein kommune for heile Hallingdalen, men ifølgje Hallingdølen er fem av seks ordførarar (alle utanom Gol) i dalen skeptiske til ei samanslåing⁵². Ein slik storkommune ville gje 37 prosent nynorsk i grunnskulen, men nynorsken ville sannsynlegvis kome under sterkare press enn i dag. For ti år sidan var det 47 prosent nynorsk i grunnskulen i Hallingdal. Alternativt kan dalen delast opp i to eller tre kommunar, der nynorsken kan kome noko betre ut ved at nedre del blir eigen kommune. Det har òg vore møte mellom Hol og Aurland. Ein slik kommune vil utan tvil styrkt nynorsken i Hol⁵³.

Oppland

Fylket har per i dag sju nynorskkommunar – Vang, Øystre Slidre, Vestre Slidre, Nord-Fron, Vågå, Lom og Skjåk. I alle desse kommunane står nynorsken relativt sterkt. I tillegg har nynorsken godt fotfeste i ei lang rekkje an-

dre kommunar i Oppland: Dovre og Vang har nesten berre nynorsk i skulen, Sør-Fron har 90 prosent, Etnedal har 85 prosent, Sør-Aurdal har 50 prosent, Sel har 45 prosent og Nord-Aurdal har 17 prosent. Til saman har 18 prosent av elevane i grunnskulen nynorsk hovudmål i dag.

Det kan sjå ut til at Vågå, Lom og Skjåk søker saman. Ein slik kommune ville fått i underkant av 8400 innbyggjarar og vere ein «rein» nynorskkommune. Gudbrandsdalen kan bli delt i tre: Ein nordre del, med Sel, Dovre og Lesja, ein midtre del, med Nord-Fron, Sør-Fron og Ringeby, og ein sørleg del, med Lillehammer, Gausdal og Øyer. Ein slik modell vil kunne setje nynorsken under press. Eit anna alternativ vil vere at alle dei seks kommunane i Nord-Gudbrandsdalen regionråd (Sel, Dovre, Lesja, Lom, Vågå og Skjåk) søker saman. I så fall vil nynorsken vere i sterkt fleirtal, og formannskapa i desse seks kommunane har allereie arrangert fellesmøte⁵⁴. Då vil det fyrst og fremst vere nynorsken i Midt-Gudbrandsdalen som er under press, sjølv om nynorskprosenten i grunnskulen vil vere på om lag 70 om ein slår saman Fron-kommunane og Ringeby. Jo større kommunen blir, jo fleire av dei sørlege kommunane vil bli med i ein ny kommune. Både Frp⁵⁵ og Ap har teke til orde for samanslåingar der Lillehammer-regionen, Midt-Gudbrandsdalen, Nord-Gudbrandsdalen, Valdres, Hadeland og Gjøvik-regionen er det nye opplandskartet.

I Valdres er det i dag ein knapp majoritet nynorskelevar: 954 mot 890. Vi veit likevel at språkskiftet er stort – opp mot 75 prosent av nynorskelevane går over til bokmål⁵⁶. Ei klar utfordring er at det naturlege regionsenteret i ein ny storkommune er Fagernes, der bokmålet står høvesvis sterkt. Om regionen blir delt i ein nordleg og ein sørleg del, vil dette slå positivt ut for nynorsken i Vang og Slidre-kommunane, medan nynorsken i Aurdals-kommunane og Etnedal vil kome under (endå) sterkare press.

Hedmark, Østfold, Vestfold, Akershus og Oslo

Det finst ingen nynorskkommunar i desse fem fylka. Samanslåingar her kan likevel gje konsekvensar for nynorsken i form av endra forholdstal mellom nynorsk-, bokmåls- og språknøytrale kommunar innanfor ulike offentlege einingar.

Oppsummering

Slik samanslåingsdebatten lokalt ser ut per september 2014, er det det same mønsteret no som ved førre reform: Nynorsken er mest truga der han stod svakt frå før – i randsonene på Austlandet, Sørlandet og Nord-Møre, i tillegg til rundt dei store vestlandsbyane, særleg Ålesund, Haugesund og Stavanger/Sandnes. Til saman representerer dette eit alvorleg trugsmål mot det fotfestet nynorsken har i Noreg.

Det er likevel tenkjeleg at reforma somme stader òg kan vere med på å styrkje nynorsken: Dersom større einingar gjer at kommunane får fleire

⁴⁸ http://www.telemarksforsking.no/publikasjoner/detalj.asp?merket=5&r_ID=2525

⁴⁹ Rjukan Arbeiderblad, 3.04.2014

⁵⁰ Telemarksavisa, 11.09.2014

⁵¹ Telemarksavisa, 10.09.2014

⁵² Hallingdølen, 21.06.2014

⁵³ Hallingdølen, 30.08.2014

⁵⁴ Oppland arbeiderblad, 27.03.2014

⁵⁵ Hadeland, 18.02.2014

⁵⁶ <http://www.malstreken.no/index.cfm?id=3185>

oppgåver, kan ein større del av det samla velferdstilbodet for nynorskbrukarar kome frå ein nynorskkommune i staden for ein tospråkleg fylkeskommune eller stat. Som denne gjennomgangen viser, er ei slik styrking heilt avhengig av korleis dei konkrete samanslåingane til slutt ser ut. Regjeringa har heller ikkje gjeve indikasjonar på kva slags nye oppgåver kommunane vil få tilført – tvert imot har dei nyleg gått inn for å flytte skatteinnkrevjinga frå kommunalt til statleg nivå.

Ein må gå ut frå at mange av samanslåingane vil ta utgangspunkt i dagens bu- og arbeidsmarknadsregionar. Det vil seie at byane ofte vil bli slått saman med kommunane rundt – som under sist reform. I så fall vil ein få mange kommunar der eit nynorsk mindretal er slått i hop med eit bokmålsbrukande fleirtal.

Kommunesamanslåing og språk – dei formelle rammene

Oversyn

Samanslåing av to eller fleire kommunar kan få verknader for pliktene til å bruke nynorsk og bokmål. Etter mållova gjeld det eit «kommunalmålprinsipp»: Vedtak i kommunane avgjer kva målform som skal brukast i skriv til kommunane og i informasjonstilfang med tilknytning til éin eller nokre kommunar.

Opplæringsmålet i grunnskulen blir fastsett for kvar skule. Kommunegrensene påverkar likevel retten til å krevje opplæring i anna hovudmål enn det fastsette (parallellklassar).

Bruken av bokmål og nynorsk i kommunen er ikkje lovregulert, og kommunen kan sjølv fastsetje reglar her.

I Den norske kyrkja blir liturgi og salmebok fastsette av Kyrkjemøtet. Soknemøtet avgjer spørsmål om innføring av ny liturgi og salmebok. Sentral og regional administrasjon av kyrkja skal framleis vere ein del av statsforvaltninga, og her gjeld mållova for den administrative delen av verksemda.

VEDTAK ETTER MÅLLOVA OM MÅLFORM

Vedtaka og verknaden av dei

Kommunestyret kan «gjere vedtak om å krevje ei viss målform i skriv frå statsorgan til kommunen, eller gjere vedtak om at kommunen er språkleg nøytral». Kommunen blir rekna som språkleg nøytral dersom det ikkje er gjort vedtak (mållova § 5).

Vedtaket gjeld meir enn berre målforma i skriv til kommunen frå statsorgan. Særleg viktige er reglane om statleg informasjonstilfang, som til dømes kunngjeringar, oppslag, skilting og nettsider (mållova § 8). I hovudsak er reglane slik:

- tilfang med særleg tilknytning til eit geografisk avgrensa område skal vere i fleirtalsmålforma for området
- tilfang med særleg tilknytning til ein kommune skal følgje vedtaket i kommunen om målform, same kva statsorgan som lagar tilfanget
- anna informasjonstilfang skal veksle mellom bokmål og nynorsk

Fleirtalsmålforma er den målforma som flest kommunar i området har gjort vedtak om. Er meir enn halvparten av kommunane i området språkleg nøytrale, er det inga fleirtalsmålform. Slik blir det òg dersom bokmåls- og nynorsk-kommunane er like mange (mållova § 7). I slike tilfelle er området språkleg nøytralt, og informasjonstilfang med tilknytning til området skal veksle mellom målformene slik at det blir «eit rimeleg samhøve mellom dei» (mållova § 8).

Vedtaka om målform har òg verknad for målbruken statsorgan imellom. Forskriftene til mållova skil mellom lokale, regionale og sentrale statsorgan. Lokale statsorgan har tenestekrins som femner om éin kommune, og vedtaket i kommunen avgjer kva målform statsorganet skal bruke i skriv til andre statsorgan. Regionale statsorgan skal bruke fleirtalsmålforma i skriv til andre statsorgan enn lokale statsorgan i kommunar som har valt den andre målforma. Sentrale statsorgan skal bruke vald målform eller fleirtalsmålforma i skriv til lokale og regionale statsorgan.

Statsorgan med berre éin kommune som tenestekrins er det ikkje så mange att av. Lensmannskontor, kemnerkontor og lokale skattekontor kan vere døme, men etter kvart femner slike organ ofte om fleire kommunar. Lokale NAV-kontor er samarbeidstiltak mellom stat og kommune. Døme på regionale statsorgan er fylkesmennene, politidistrikta, skatteetaten og NAV. Mykje av statleg verksemd er formelt skild ut som særskilde einingar, og her er det ikkje alltid lett å seie kor langt mållova gjeld. For helseføretak og regionale helseføretak er det særskilt fastsett at dei er statsorgan etter mållova.

Tek vi språkbruken frå fylkesmannskontora som døme, er det i 2014 ni fylke som har bokmål som fleirtalsmålform (Østfold, Akershus, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Vest-Agder, Nordland og Finnmark), fire fylke som har nynorsk som fleirtalsmålform (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal), og seks fylke som er språkleg nøytrale (Oslo, Telemark, Aust-Agder, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Troms). Mykje av den regionale statsforvaltninga er i dag lagd til fylkesmennene, og fleirtalsmålforma i fylket har derfor stor innverknad på bruken av bokmål og nynorsk i statleg verksemd.

Kommunesamanslåing og målvedtak

Samanslåing av to eller fleire kommunar fører helst til at den nye kommunen må gjere nytt vedtak om målform, om kommunen ikkje skal reknast som språkleg nøytral. Spørsmålet er ikkje regulert i mållova eller inndelingslova (lova som regulerer kommunesamanslåingar), men det er nemnt i eit rundskriv F/8 N/81 frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet (referert i Sigve Gramstad og Kåre Lilleholt, Lov om målbruk i offentleg teneste med kommentarar, Oslo 1983, s. 43).

Samanslåing av kommunar kan påverke fleirtalsmålforma til dømes i eit fylke både ved at tilhøvet mellom bokmålskommunar og nynorsk-kommunar blir eit anna, men òg ved at språkleg nøytrale kommunar oftare utgjer meir enn halvparten når det er færre kommunar å rekne av. Til dømes har Rogaland i dag 12 språkleg nøytrale kommunar av totalt 26, og det skal dermed ikkje store endringar til før fylket er språkleg nøytralt.

Opplæringsmålet i grunnskulen

Etter opplæringslova er det kommunen som fastset hovudmålet for kvar skule. Frå og med åttande steget avgjer elevane hovudmålet sjølve (opplæringslova § 2 5 fyrste ledd).

Ei samanslåing av to eller fleire kommunar endrar ikkje åleine vedtaket om hovudmål for skulane. I inndelingslova er det fastsett at lokale forskrifter gjeld «for vedkomande område» til dei blir endra (inndelingslova § 13). Samanslåinga i seg sjølv synest ikkje gje grunn til å endre vedtak om hovudmål.

Før vedtak om endring av hovudmål for ein skule skal det haldast rådgjevande røysting dersom fleirtalet i kommunestyret eller minst ein firedel av dei røysteføre krev det (opplæringslova § 2 5 sjetste ledd). Røystere rett har dei som bur i området som soknar til skulen, og dessutan føresette til born på barnesteget på skulen.

Kommunen fastset kva område som soknar til kvar skule. Alt i dag kan to eller fleire kommunar fastsetje slike område på tvers av kommunegrensene (opplæringslova § 8 1). Kommunesamanslåing kan lett føre til nye vedtak om området som kvar skule soknar til, og det kan kome nye vedtak om hovudmål som følgje av det.

Retten til å krevje opplæring på anna hovudmål enn det fastsette gjeld der minst ti elevar på eitt av årsstega 1–7 «i ein kommune» ønskjer det (opplæringslova § 2 5 fjerde ledd). Ei kommunesamanslåing kan dermed føre til at det er lettare å oppfylle dette vilkåret.

Språkbruken i kommunen

Lovgjevinga fastset ikkje plikter for kommunane til å bruke bokmål eller nynorsk i skriv til private eller i informasjonstilfang. Heller ikkje er det fastsett kva målform kommunetilsette skal bruke i arbeidet sitt. Den allmenne regelen i mållova § 1 om at bokmål og nynorsk er «likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune», gjeld for kommunane òg. Til dømes kan ikkje ein kommune krevje at skriv frå private skal vere berre i den eine målforma.

Kommunane kan fastsetje reglar om bruken av bokmål og nynorsk som ledd i den allmenne styringa av verksemda i kommunen. Fleire kommunar har fastsett slike reglar, men noko samla oversyn finst ikkje.

Reglar om den kommunale språkbruken kan neppe reknast som «forskrifter og vedtekter» etter inndelingslova § 13. I alle tilfelle er det rimeleg å tru at det trengst tilpassing av slike reglar etter ei samanslåing, om ikkje dei samanslegne kommunane hadde nokolunde like reglar før samanslåinga.

Kyrkjemålet

Den norske kyrkja er nær knytt til staten også etter det såkalla kyrkjeforliket frå 2008. I grunnlova § 16 heiter det no:

«Den norske kyrkja, ei evangelisk-luthersk kyrkje, står ved lag som den norske folkekyrkja og blir stødd som det av staten.»

Kyrkjemøtet fastset «alle gudstjenstlige bøker i Kirken» (kyrkjelova § 24). Gjennom lange tider har både nynorsk og bokmål vore brukte i liturgi og salmebok, men noko lovfesta krav er det det ikkje tale om. Mållova gjeld

berre for den administrative delen av verksemda i kyrkja.

Innføring av ny liturgi og salmebok blir avgjord for kvar sokn av soknemøtet (kyrkjelova § 11). Alle dei røysteføre i sokna utgjer soknemøtet (kyrkjelova § 10).

I kvar kommune er det fleire sokner, men med svært få unntak er det slik at ei sokn ikkje ligg i fleire kommunar. Kommunesamanslåing har ikkje i seg sjølv verknad for soknegrenser eller for avgjerder om liturgi og salmebok.

Den sentrale og regionale administrasjonen av kyrkja skal etter kyrkje-forliket framleis vere del av statsforvaltninga, og her gjeld mållova som for andre statsorgan. Kommunesamanslåingar kan påverke fleirtalsmålforma for til dømes bispedømme, slik det er vist for andre regionale statsorgan.

Vidare konsekvensar

Det kan vere føremålstenleg å skilje mellom dei direkte og dei indirekte konsekvensane kommunereforma vil få for nynorsken. Dei direkte konsekvensane vil vere slike som at innbyggjarar som tidlegare sokna til ein nynorskkommune og blir overført til ein bokmålskommune, ikkje lenger kan rekne med å få informasjon frå heimkommunen på nynorsk (dersom alle andre faktorar blir haldne konstante). Samla nynorsk tekstproduksjon vil gå ned, og innbyggjarane vil møte mindre nynorsk i kvardagen. Andre døme kan vere at eit fylke går frå å vere nynorsk til å bli språknøytralt fordi talet på språknøytrale kommunar blir høgare enn talet på nynorskkommunar. Dei indirekte konsekvensane kan vere at nye, større kommunar ikkje vil ha den same tradisjonen for å stø opp om nynorsken i området, at bygdekommunar blir del av ein bykommune og på sikt mistar skuletilbod eller at offentleg tilsette ikkje lenger får krav på seg til å nytte nynorsk i arbeidet sitt. For mange av desse indirekte konsekvensane er nok ikkje kommunereforma åleine grunn til det auka presset mot nynorsk, men reforma vil utvilsamt forsterke det.

DIREKTE KONSEKVENSA

Offentlege einingar

Ettersom mållova legg opp til at staten skal rette seg til andre offentlege instansar på det språket som er fleirtalsmål mellom kommunane i tenestekrin-sen, er det rein matematikk korleis kommunereforma vil påverke dette. Det er vanskeleg å seie noko eksakt om dette no, ettersom fleire av desse einingane er i endring: Både politireform og regionreform vil skje samstundes som kommunereforma. Det er òg diskusjon om helseføretaka bør endrast, i tillegg til at lokalpolitikarane i Høgre meiner kommunane bør overta ansvaret for vidaregåande skular i Noreg⁵⁷. Det siste er truleg ikkje særleg aktuelt, men ville fått store konsekvensar for nynorskelevane om det hadde blitt ein realitet. Også det administrative språket i tingrettar, bispedøme, ved flyplasar, nasjonalparkar, vinmonopol og veldig mykje anna vil kunne bli påverka som ein direkte konsekvens av kommunereforma.

⁵⁷ <http://www.dn.no/nyheter/politikk/Samfunn/2014/09/06/1155/Politikk/hyre-vil-gi-kommunene-flere-oppgaver>

Bibliotek

Folkebiblioteklova slår fast at alle norske kommunar skal ha eit folkebibliotek⁵⁸. Dersom talet på kommunar går frå 428 til om lag 100, og lova ikkje blir endra, kan det innebære ein massiv bibliotekdaude over heile landet. Biblioteka er i dag dei mest brukte kulturinstitusjonane i Noreg, og er ikkje minst avgjerande i spreinga av nynorsk litteratur. Mange bibliotek har òg tett samarbeid med dei lokale skulane om å formidle relevant litteratur til elevane, og er såleis viktige også inn i skulekvardagen. For lokalpolitikarar med tronge rammer vil det vere ei enkel løysing å kutte ut ikkje-lovpålagde filialar i staden for å kutte i dei lovpålagde oppgåvene som barnevern og eldreomsorg. Det har førebels vore lite offentleg debatt om kva kommune-reforma vil ha å seie for denne typen velferdsgode.

Kommunane som språklege fagmiljø

I dag finst det 114 kommunar der nynorsk er bruksmålet, i tillegg til fleire språknøytrale kommunar med mykje nynorsk, som Hå, Dovre og Fræna. Dersom landet hadde blitt delt inn i 105 kommunar, slik det har vore antyda, og inndelinga hadde skjedd slik NIVI gjorde det for NRK i fjor haust, ville mellom 20 og 25 av kommunane vore reine nynorskkommunar eller kommunar med ein nynorsk majoritet⁵⁹. Mange av dei arbeidsplassane som i dag ligg i nynorskområde og der nynorsk er arbeidsspråket, ville ha blitt flytta til større byar der bokmålet er dominerande. Verdien av Kommune-Noreg som språklege fagmiljø er svært stor for nynorsken. Om mange kompetansesarbeidsplassar blir flytta inn til Molde, Stavanger eller Lillehammer, vil det òg seie at dei som ønskjer å bruke nynorsk, ikkje lenger har eit arbeidsmiljø der dei andre gjer det same. Samstundes er det rett å peike på at samanslåing av fleire nynorskkommunar kan gje sterkare fagmiljø – på nynorsk – dit det kan vere lettare å tiltrekke seg kvalifisert arbeidskraft, til dømes ved at det i spesialiserte stillingar er lettare å tilby fulle og faste stillingar.

INDIREKTE KONSEKVEN SAR

Skulesentralisering

Eit av dei store spørsmåla i denne reforma er om ho vil medføre ei sterkare sentralisering. Det er ikkje føremålet for denne rapporten å ta stilling i den debatten, men det kan vere grunn til å vere merksam på saka. I skuleåra 2007/08 til 2009/10 blei det lagt ned 154 skular, og lågt elevtal og dårleg kommuneøkonomi var to av dei viktigaste grunnane⁶⁰. Det er ingen grunn til å tru at denne utviklinga vil stoppe. Nye, større kommunar kan gjer det freistande å lage større einingar, kanskje særleg på ungdomsskulen, der vi veit at språkskiftet er størst. Sjølv om kommunen er språkdelt, er det langt frå sikkert at dette vil vere nok for å konservere skulestrukturen i ein ny og større kommune. I kommunar med kommunestyre som femner om fleire

⁵⁸ <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1985-12-20-108>

⁵⁹ <http://www.nrk.no/valg2013/slik-blir-norge-med-105-kommuner-1.11202339>

⁶⁰ http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Rapporter/Skulenedleggelses%202007_2010.pdf

bygder og eit større areal enn før, vil utsette skular ha færre forsvararar i kommunestyra, og fleire av kommunestyremedlemene vil sitje lenger unna dei skulane det gjeld. Det seinkar terskelen for å gjere nedleggingsvedtak.

Anna sentralisering

Skulane er ikkje dei einaste institusjonane som står i fare for å bli flytta ut av nynorskområde. Dersom mange bygder mistar statusen som kommunesentrum til fordel for ein by der bokmål dominerer, vil det utan tvil ha mykje å seie for balansen mellom språka. I Ytre Ryfylke, Valdres, på Haugalandet, i Romsdal og ei lang rekkje andre plassar er det mest sannsynleg at det nye kommunesenteret vil bli lagt dit bokmålet står sterkast, trass i at nynorsk er utbreidd i omlandet. Dette vil påverke målstoda, folketal, nyetableringar og ei lang rekkje andre moment.

Norskopplæring for vaksne innvandrarar

Ein stor del av nynorskkommunane veks i folketal, og for dei fleste kjem den auken på grunn av tilflytting frå utlandet. Innvandrarar frå land utanfor EU- og EØS-området har rett på norskopplæring, og i ein del nynorskkommunar skjer denne i dag på nynorsk. Det kan sjå ut til at mykje av argumentasjonen for at denne opplæringa skal vere på nynorsk, er knytt til at kommunen og lokalsamfunnet elles har ein nynorsktradisjon. Då Stord kommune våren 2014 vedtok å gå over frå opplæring på bokmål, uttalte Geir Angeltveit frå Venstre at «Eg meiner det er naturleg for Stord, som største nynorskby, å ha nynorsk i vaksenopplæringa», ifølgje Sunnhordland⁶¹. Dersom Stord hadde blitt ein del av ein språknøytral kommune med Haugesund som regionssenter, slik Haugesund Høgre ønskjer, ville denne argumentasjonen ha falle bort, og det er langt frå sikkert at kommunestyret i ein ny storkommune ville ha sett likt på saka som lokalpolitikarane på Stord har gjort.

Lite tilsyn

I Noreg har Kulturdepartementet ansvar for å føre tilsyn med målbruken i departementa, medan Språkrådet har ansvaret for statsorgan under departementa⁶². Det er derimot ingen som har ansvaret for å føre slikt tilsyn for kommunar, fylkeskommunar, interkommunale selskap eller andre offentlege etatar under statsnivå. Det er mange spørsmål som melder seg i arbeidet med denne reforma. Har ein nynorskbrukar i Sula kommune, som har vore van med at all korrespondanse med kommunen er på nynorsk, rett på dette i ein ny kommune der Ålesund er storebror? Og dersom ho har det, kven skal følgje det opp? Med manglande tilsyn er det òg vanskeleg å setje inn dei rette tiltaka. Det kan difor vere føremålstenleg å sjå på om det nye kommune-kartet, der mange kommunar vil vere sette saman av tidlegare bokmåls- og nynorskkommunar, òg bør innebære ei ny form for tilsyn med språkbruken lokalt og regionalt.

⁶¹ Sitatet er gjeve att hos Noregs Mållag: <http://www.nm.no/tekst.cfm?id=3823>

⁶² http://www.språkrådet.no/Tema/Spraklege_rettar/Maallova/Rapport/

Lokalaviser

Stoda for norske lokal- og regionaviser heng naturlegvis ikkje direkte saman med kommunereforma. Likevel er det eit faktum at det gjerne er same konsern som eig lokalavisene i ein region, og at norske aviser er inne i ei krisetid av historisk karakter. Dei nynorske og språkblanda avisene er særst viktige for nynorsken, både fordi dei produserer mykje nynorsk tekst, men òg fordi dei er viktige i å utvikle det nynorske språket i takt med samtida. Det er gjerne her ein set ord på nye fenomen fyrst. Dersom same konsern eig fleire aviser innanfor den same kommunegrensa, vil det opplagt vere ein faktor som dreg i retning av nedlegging eller samanslåing.

Nynorske framvegar

Samanslåing av kommunar kan få verknader for pliktene til å bruke bokmål og nynorsk både i stat og kommune, slik det går fram ovanfor. Særleg gjeld det statleg informasjonstilfang med tilknytning til berre éin kommune eller til eit geografisk avgrensa område og språkbruken i kommunen. Indirekte kan samanslåingar påverke opplæringsmålet ved at området som soknar til skulen, blir endra etter samanslåinga.

Korkje mållova eller inndelingslova har reglar om korleis språksyn kjem inn ved kommunesamanslåingar.

Mange av nynorskkommunane er etter måten små, og det er grunn til å tru at talet på nynorskkommunar kan kome til minke meir enn talet på bokmålskommunar ved ei reform. Vidare kan ein sjå for seg at små nynorskkommunar blir slegne saman med større bokmålskommunar eller større kommunar som er språkleg nøytrale, men med mest bokmål i praksis. Kommunesamanslåinga kan dermed svekkje stillinga for nynorsken om det ikkje blir teke omsyn til språkspørsmålet.

Omsynet til nynorsken kan trekkjast inn i den politiske diskusjonen kring dei einskilde framlegga om samanslåingar, både i diskusjonen av spørsmålet om dei aktuelle kommunane i det heile skal slåast saman med andre, og i diskusjonen om kva kommunar som skal gå inn i ein ny kommune.

Å tenkje seg at ei samanslåing ikkje skal kunne tillatast av omsyn til stillinga for nynorsken, synest lite realistisk. Lettare er det å sjå for seg formelle krav til drøfting og vurdering av følgjene for språksituasjonen som ledd i samanslåingsprosessen. Framfor ei samanslåing skal det vere ei saksutgreiing (inndelingslova §§ 8 og 9), og departementet skal avgjere omfanget av utgreiinga. Ein kan vurdere å ta inn eit formelt vilkår i lova om at språksituasjonen alltid skal vere ein del av ei slik utgreiing.

Eit steg vidare er å krevje at utgreiinga alltid skal innehalde eit utkast til språkplan for den nye kommunen. Eit slikt utkast blir i tilfelle noko av grunnlaget for den innbyggjarhøyringa som lova krev (inndelingslova § 10).

Språkbruksplanar

Språkbruksplanar finst i fleire kommunar i dag, og Landssamanslutninga av nynorskkommunar har laga mal for slike planar. Ein eventuell språkplan ved samanslåing av kommunar bør få eit anna preg enn dei eksisterande planane, som gjerne er laga for kommunar som hovudsakleg bruker den eine mål-

forma. Ein språkplan ved samanslåing kan ha som mål å finne gode løysingar der kommunane før samanslåinga hadde ulik bruk av målformene. Til dømes kan ein tenkje seg retningsliner for korleis begge målformene skal sikrast i kommunen, retningsliner for val av målform i ulike delar av kommunen, val av målform for ulike etatar osv. Språkplanen kan òg ta opp inndelinga av område for skulane og følgjene for opplæringsmålet.

Eit krav om språkplan sikrar at spørsmåla blir tekne opp og diskuterte. Omsynet til språkjamstilling og til lokal kultur og tradisjon blir dermed eit politisk tema. Vidare kan planen innehalde tiltak som opplæring, språkleg rådgjeving og bruk av hjelperåder for gjennomføring av planen. Medvitne val av programvare er eitt viktig døme. Språkplanen bør òg ta opp vedtak etter mållova om målform i den nye kommunen.

Den finske og den samiske løysinga

I Finland er arbeidet godt i gang for deira andre kommunereform på 2000-talet. Det er mange ulikskapar mellom den norske og den finske reforma, og éin av dei er språkleg. Der er dei språklege rettane for både finsk- og svenskspråklege eit utgangspunkt for heile reforma, og det er ikkje høve til å gjere kommunesamanslåingar som forverrar dei språklege rettane til nokon innbyggjar⁶³. I praksis vil dette mange stader seie at ein ikkje kan slå saman kommunar der den eine har ein finskspråkleg majoritet, medan den andre er hovudsakleg svenskspråkleg. Denne ordninga er sannsynlegvis lite aktuell i Noreg, ikkje minst fordi kommunane sjølve ikkje ønskjer det. Dersom Osterøy ser det som mest aktuelt å bli ein del av Bergen, vil det stri mot det lokaldemokratiske utgangspunktet for reforma om nokon skulle nekte ei slik samanslåing av språklege grunnar. Likevel er prinsippet godt, dersom ein legg til grunn at dei språklege rettane kan bli like godt tekne vare på same kor kommunegrensa går. Uansett bør spørsmålet om dei lokale preferansane stå sentralt. Noregs Mållag har vedteke at ein skal vere kritisk til samanslåingar som «avgrensar nynorsk administrasjonsmål»⁶⁴. Tvangssamanslåingar på tvers av lokal vilje og lokale språkval vil neppe vere til gagn for nynorsken.

Mange samar i Noreg bur i dag forvaltningsområdet for samisk språk. Denne ordninga ser ut til å fungere relativt godt, ikkje minst fordi ho peikar på at kommunane i røynda tek på seg eit nasjonalt ansvar, nemleg å halde oppe dei samiske språka i Noreg⁶⁵. Dersom ein kommune vedtek å vere ein del av det samiske forvaltningsområdet, utløyser det også eigne midlar.

Mogleg revisjon av mållova

Dersom forholdet mellom nynorsk-, bokmåls- og språknøytrale kommunar endrar seg kraftig, og dette gjer at mange offentlege instansar ikkje lenger har krav på seg til å bruke nynorsk, må dette seiast å vere ein utilsikta kon-

⁶³ https://www.vn.fi/vn/sv/03_pressmeddelanden_och_tal/01_pressmeddelanden/20130627Kommun/name.jsp

⁶⁴ <http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10198,10222,10225&id=3820>

⁶⁵ http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/tema/samepolitikk/samiske_sprak/samelovens_sprakregler-og-forvaltningssom.html?id=633281

sekvens av kommunereforma. Ein bør då sjå på om mållova bør reviderast noko, slik at den offentlege målbruken ikkje blir endra nærast over natta.

Gjeld det samanslåing av kommunar som har hatt ulike vedtak, blir det gjerne tale om at den nye kommunen skal vere språkleg nøytral, og talet på nøytrale område kan auke. Dette får verknader for målform i statleg tilfang. Eit spørsmål kan dermed vere om ein ny kommunestruktur bør ha følgjer for det såkalla kommunalmålprinsippet (reglane om at vedtak i kommunane er avgjerande for målform i statleg tilfang). Passar reglane like godt dersom talet på kommunar går ned mot 100? (Det var meir enn 700 kommunar då kommunalmålprinsippet vart innført i mellomkrigstida.) Kan ein finne betre måtar for å regulere jamstillinga mellom bokmål og nynorsk? Dette er samansette og vanskelege spørsmål som i tilfelle må takast opp til brei drøfting dersom mållova skal endrast.

Nye tilsynsoppgåver

Med mykje færre kommunar, men der kommunane til gjengjeld har fleire oppgåver på vegner av det offentlege, blir behovet for tilsyn over språkstoda endå større. Språkrådet eller ein annan instans bør ha i oppgåve å føre tilsyn med målbruken, slik at ein i større grad kan sikre seg at innbyggjarane får sine rettar oppfylt i tråd med lov og forskrift. Dette kan enkelt gjerast etter same modell som dagens rapportering på statleg nivå.

Skulestoda

Det kan vere grunn til å tru at skulenedlegginga vil halde fram, og at talet på parallellklassar kan auke når mindre nynorskskular forsvinn. Her er det minst to handlingsalternativ, og dei er ikkje gjensidig utelukkande.

I dag har skular med rett på parallellklassar rett på tilskot gjennom skjønnsmiddelordninga hos fylkesmennene, men denne ordninga veg ikkje opp for at kommunane i praksis taper pengar når parallellklassar blir oppretta. Denne ordninga bør forsterkast og vere meir automatisert enn i dag, slik at kommunane ikkje taper pengar på å leggje til rette for det språklege mangfaldet lokalt. Fylkesmennene gjev mindre skjønnsmidlar til store kommunar. Dette gjer at ein nynorskklasser i Bergen står svakare økonomisk enn ein i Drangedal.

I tillegg bør den såkalla Odda-modellen innførast nasjonalt, slik at alle elevar uansett er sikra ein fullverdig skulegang på hovudmålet sitt ut grunnskulen. Modellen inneber at det finst parallellklassar på nynorsk og bokmål, og at språkval er det avgjerande for klassesamansetninga.

Strengare krav til staten

Ein del av oppfølginga etter Språkmeldinga «Mål og mening» var ei granskning av målstoda i nynorskkommunane. Denne synte mellom anna at staten i stor grad ignorerer lokale språkval, trass i at denne ordninga er nesten hundre år gamal⁶⁶. Denne granskninga viser òg ei rad andre forbetningspunkt – lokalt og sentralt. Frå og med 2010 var nynorsk tematisert i den årlege kom-

⁶⁶ <http://www.sprakrad.no/Toppmeny/Aktuelt/-Staten-ignorerer-sprakvala-til-kommunane/>

muneproposisjonen, men dette temaet er ikkje med i proposisjonen som blei lagd fram våren 2014 av regjeringa Solberg. Det bør vere eit sjølvstøtt krav at regjeringa – uansett partifarge – legg fram eit oversyn over kva ambisjonar ho har for nynorsken på det kommunale feltet for året som kjem.

Den tospråklege kommunen

Dersom reforma blir gjennomført, vil mange kommunar ha ein høg andel innbyggjarar med bakgrunn frå kvart av språka bokmål og nynorsk. Det logiske i dag ville vere at denne kommunen blir «språknøytral» og at folkevalde og tilsette står fritt til å nytte det språket dei ønskjer. Denne løysinga vil sannsynlegvis ikkje ivareta nynorsken godt nok mange stader. I staden bør ein innføre ein ny kategori – den tospråklege kommunen.

I ein slik kommune er det mellom anna:

- Vedteken ein målbruksplan med klare retningslinjer for språkbruk og språkrøkt i kommunen, inkludert eventuelle interkommunale selskap
- Ei fordeling av arbeidsplassar mellom ulike delar av kommunen, slik at ikkje den delen som har ein nynorsktradisjon blir skadelidande av reforma og alle fagmiljø blir flytta til eit område der bokmål dominerer
- Retningslinjer for korleis ein tek språklege omsyn ved til dømes skule- og nedleggingar
- Klare retningslinjer som seier at både bokmåls- og nynorskbrukarar har rett på svar på det språket dei ønskjer, når dei kontaktar kommunen sin
- Tospråkleg skilting i heile kommunen
- Eit bibliotek som har midlar nok til å halde seg med oppdatert litteratur på både bokmål og nynorsk
- Klart formulert at tospråkleg kompetanse er eit sjølvstøtt kriterium ved tilsettingar
- Jamlege nynorsk kurs for dei tilsette og oppdatert programvare på både nynorsk og bokmål
- Opplæring i nynorsk for vaksne innvandrarar som flyttar til ein del av kommunen med nynorsktradisjon

Ein kommune som er anten reint nynorsk, eller tospråkleg, får ekstra støtte frå staten for å innfri sine oppgåver som ein god forvaltar av det minste av dei to jamstelte skriftspråka i Noreg, etter mønster frå forvaltningsområdet for samisk språk. Slik kan ein ta vare på både nynorsk og bokmål som framleis samfunnsberande språk i Noreg, i pakt med viljen til stortingsfleirtalet.

Oppsummering

